

sjøl høg og ålvósam upp på katetret og tala eit par ord og las truved-kjenninga. Dermed var andakten slut, og skuletimen byrja.

Eg lika meg straks godt her. Det var ingen eksamensskule med lekser og pugg. Me skulde lese lenger avsnitt i samanheng og tenkje over innhaldet, men mest var det frie foredrag. "Det levande ord" skulde vekke og forme det åndelege livet. Me fekk høyre om åndens stormenn, diktarar og kunstnarar og vitskapsmenn, som hadde skapt nye idear og nye tider. Ullmann gav oss storfeldte utsyn over historia, synte oss det herlege Hellas med sine åndsmenn og sin kunst. Romarane som styrde verdi med sverd og lovparagrafer, medan det meste av folket var slavar. Han fortalde om renesansen, paveveldet, reformasjonen. Men framfor alt om den franske revolusjonen, um menneskerettane og korleis fridomstankane vart skapt og førde fram til at landet vart fritt i 1814. Han fortalde om Wergeland, Bjørnson, Ibsen, Johan Sverdrup. Ettersom han tala, steig syner fram for oss. Me sat oppglødde i spaning. Det var som folkeanda sveiv over oss og skapte nytt liv, me vart døypt påny.

Nådland fortalde levande om våre store skaldar og las upp diktverk som Brand og Per Gynt o.a. Då gjekk han rundt i klassa og var like mykje skodespelar som opplesar. Det var gilde stunder. Bjønnarå hadde naturfag og fortalde morosame dyresogor, so me laut storlæ. Nils Botnen var ein liten godsleg kar, som knisla og lo over kvar den ting. Han fortalde mykje som var nytt for oss av bibel- og kyrkjjesoge.

Fru Ullmann, vever og lita, spela piano og lærde oss å synge. Då fekk me kome inn i stova åt henne.

Det var ein ljós og glad kristendom, som møtte oss her, ikkje berre lære om synd og moralbod. Me fekk lære at mannalivet kunde vere stort og rikt og ikkje berre stygt og syndigt, slik som lesarane sa. Når eg no minnes desse gudelege heime og den myrke kristendomen dei forkynte, tykte eg det var svart og stygt alt ihop.

Stundom var det fest på skulen med foredrag, song og leik, jamvel dans. Nei, kor rart det var å sjå at lærarane mine dansa. Fleire av elevane var flinke til å danse, men eg hadde aldri lært det, mor heldt det for synd. Eg totte mange av gutane her var so frigjorde, dei sette seg ved sida av jentene og prata med dei som ein heilt naturleg ting, det var utruleg. Når skulde vel eg våge noko slikt? Eg leid sterkt av mindreverdskjensle og vart raud i toppen berre ei jente tala til meg. Var dette å vere frimodig noko ein kunde lære, eller var det noko medfødd?

Vinteren gjekk so altfor fort. Eg fekk eit fint eksamensbrev, og so bar det heimatt til fjellgrenda der vest.

Eg totte no eg sto høgt over dei fleste i grenda, dei som berre hadde folkeskule og ikkje vore utanum bygdi, men berre tråkka i det same. Syskena missundte meg, men såg upp til meg og, og spurde: Kva er det for noko stort

du skal bli då, Tarjei? Nei, det visste eg ikkje sikkert. Det kom an på um far hadde råd til å koste meir på meg. Men å gå her heime og slite, var som å kaste livet mitt burt, her var inga framtid. Det vart berre ut å tene, slite med jordarbeid eller tømmerhogst, sløkt eg aldri hadde havt hug til. Nei, det laut bli skulevegen fram til eit eller anna, men korleis? Far sky- na kva eg vilde, men nemde ingenting, vel fordi han ingen utveg såg, han heller.

Eg las ei mengd bøker, alt eg kom over, lånte i boksamlinga og av Olav Rui. Han var den einaste, som eg no hadde hug til å tale med. Korleis vilde du like å verte lærar? spurde han ein dag. Jau, det kunde eg ha god lyst til men far hev ikkje råd. Ei tid etter sa han: Eg hev bod frå klokkaren, han ~~xx~~ vil gjerne tale med deg, du fær gå til han ein dag. Klokkar Kjetil Graver var ein stor mann i bygdi, framstre føraren for dei vakte og med i bygde- styret. Han hadde vore med og skipa Notodden lærarskule, som skulde skaffe landet kristne lærarar. Dei gudelege trudde kristendomen var i fåre. Grun- nen var den radikale åndsbylgja frå europa-kulturen og som Georg Brandes var ein av profetane for. Dei vilde ha vekk både bibel og kristentru, sa gudsfolket. No veit me at det var hykleri, lygn og fordomar under ei kris- ten maske desse menn kjempa mot.

Kva kan det vere denne klokkaren vil meg, tenkte eg. Skal eg stå srif- te, fordi eg hadde gått på denne fæle Ullmannsskulen? Men nei, klokkaren var svert hyggjeleg, prata om so mangt, men nemde ikkje skulen. -Olav Rui fortalde du tenkte på lærarskule. I år er det fleire gutar frå Førdsal som vil dit. Dei hev teke livsforsikring, og med den som trygd hev dei fått lånt pengar til skulegonge. Kan ikkje du gjere det same? Eg fekk spørje far om dette.

Men far hadde sine tvil. Han trudde ikke ei slik forsikring var noko trygd. Dersom ein ikkje betalte premien, var han ingenting verd. Meir vart ikkje nemnt. Eg gjekk i angst og otte for at ogso denne sjansen skulde gå om inkje, då var det vel inga von.

Gudelege samlingar heldt fram som før i heimbygda. Det kom emisærar frå Drangedal og Vegardshei, der det ogso var store vekkjingar. Bedehus og skulehus var fullsette av folk, som hørde på predikantane som tala, vitna og bad. Der var song til gitarmusikk, og ein hørde stadig utrop som "Herre Jesus-Halleluja-Høyr oss, Gud". Dei øste kvarandre upp i stendig større egse. Det var knefall, handspålegging og syndsforlating av frelste. No var sjølve Antikrist komen og vilde rive ned alt som var heilag. Det galdt å vere vaken, vende seg burt frå verdi og verte frelst før det var forseint.

Eg fekk ~~meir~~ mothug mot alt dette, meir enn nokon gong før. Min barn- doms Gud kom meir og meir burt for meg. Denne guden anten som ein godsleg gubbe, når ein var lydig og snill, eller som ei ⁿ stren^g domar med sin evige pine, totte eg no vart so primitiv, plent som ein despot frå heidentida. Det var ein heilt annan gud eg hadde lært å kjenne på høgskulen. Eg sakna

det friske og glade livet der og lengta "ut over de høye fjelde".

På lærarskulen.

Far fann ein utveg til å sende meg på lærarskule. Han hadde tala med onkel Olav. Han skulde låne meg nokre pengar mot sikring i ei livs-trygd. Men det laut bli til Notodden, sa han, og glad var eg, endå eg heller hadde vilja til Seljord eller til Elverum, Eftestøls skule.

Det var ikkje minder enn 5 førsdølar som denne hausten byrgja lærarskulen på Notodden, so ein må seie klokkaren hadde vore flink til å skaffe skulen elevar. Notodden var den gong noko heilt anna enn den er i dag, då me veit at Hydro med sin storindustri hev gjort han til ein større by. Den gong var det ei lita husklynge med 2-3 butikkar og eit hotell. Der var ingen jønnbane, berre ei brygge nedved vatne for den vesle dampbåten. Av industri ein tremassefabrikk ved Tinfoss. Frå vegen gjekk små tverrgatur mellom husa og stigar burtetter furemoen. I dei fleste hus budde elevar, ein, tvo eller 3-4 saman. Dei hadde sett navn på husi dei budde i. Eit var Munkeliv, der elevane hadde kvart sitt rom. Det same med Klostreet. So var det Fykerud, Helmersmoen o. fl.

Eg kom til å bu saman med ein sogning som heitte Oppedal, ein gap som tala sognamaul so fort, at det gjekk rundt for meg. I blandt fekk han sendande gamalost og fenalår heimefrå, og då heldt me kalas. Elles var det ofte smalhans i matvegen, serleg for meg, då pengane frå onkel Olav var få og kom sjelda. Ein gong i veka kosta eg på meg ein middag til 50 øre, elles gjekk det på smør og kaku, vassgraut og en sjelda gong ein ostebit eller ei fleskeskive. Og so skuma mjølk til drikke. Men eg hadde fått ny kjøpedress til 15 kr. av blått kamgarn. Den brukte eg både søkn og helg.

Det skulde vera framifrå flinke lærarar på skulen, serleg styraren Bernt Støylen og Peter Hognestad, som seinare var biskopar. Støylen hadde religion og pedagogik og Hognestad norsk og soge. So var det trøndaren J.A. Vik i sløyd og teikning, T. Raugstad i geografi, song og musikk, Aksel Sendstad i matematikk og naturfag og frk. Paulsgård i praktisk.

Det var sakt at desse åri med Støylen og Hognestad som lærarar var gullalderen åt skulen, og det er vist rett. Likevel er det knapt dei nådde upp mot Ulmann og Nådland i Seljord, totte eg. No laut sjølsakt ein lærarskule vere meir av ein eksamensskule. Det vart meir med lekser og overhøyring og mindre med frie foredrag. Eg minnest kor Støylen kunde gjera dei store pedagogane som Rouseau og Pestalozi levande, og Hognestad fortalde godt frå saga på sin stillfarande måte. Dei andre var dugande, men meir midtels. Eg merkte snart at det var ei onnor ånd som rådde her. Det var den gamle ortodokse kristentraua, som vart forkynt, men ikkje den svartsynte, som lesarane heime heldt fram. Her vilde dei sameine det kristelege med det menneskjelege. Mottoet var: For kristendom og norskdom.

Dette kom bl.a. fram på møtene um laurdagskveldane. Her skifte det med foredrag, song, opplesing, musikk og leik. Endå nokre skodespel vart ~~frå~~ framførde, som lærarane var med og øvde inn, og dei tok ogso del i leiken. Men det var einfalde leikar som å gjete gåtor og slikt, og dans fanst det ikkje. Det handskrevne bladet Himing var tumleplass for skribentar og kritikarar og hadde innlegg både av alvor og skjemt. Songkoret, som ~~Rav~~ Raugstad dirigerte, gjorde mykje til hugnaden både på festene og på turar kring i bygdi. Somtid hadde skulen turar til Heidal stavkyrkje, ei mil lenger nord i dalen. Då var me over og hørde messa.

Det var mange av elevane som lærde å ta kristendomen mykje alvorleg, men eg var den same tvilaren som før. Og det var i minste ein i klassa, som hadde det som eg. ~~Dok~~ Han heitte Sigurd Folkestad, budde på hotell Furulund, og var av fin slekt frå Drammen. Han var nokre år eldre enn eg og bar fippskjegg. Han gjekk so fint kledd og hadde slik fornem framferd, totte eg, og eg undra meg over at han kunde bry seg om meg, men det gjorde han, såg det ut for. Det var kanskje fordi eg såg upp til han og hadde trong til å tale med han um mine tvil. Me gjekk lange turar og diskuterte. Han fortalde meg so mykje nytt og rart, som eg ikkje hadde drøymt um. Me lever som trelar under~~x~~ ei meng^d fordomar, sa han. Soleis med ekteskapet. Det er ikkje synd å stå i forhold til ei kvinne, um ein ikkje er gift, men det er synd, når tvo som ikkje elska kvarandre, levde i ekteskap, det var det som var å drive hor. Onani var ein naturleg ting, når ein ikkje fann utløyning for si drift på annan måte. Fann ein ikkje utløyning for drifta, vilde det skape kompleksar og vere til skade for sjelelivet.

Slikt noko var tabu å tale om i den tida. Eg visste mest ingen ting om slikt, men no laut eg tenkje over det. Det var mange ting Folkestad lærde meg å tⁿekje over.

Hjå Folkestad kom eg for fyste gong i finare selskap. Nokre av oss var bedne til han ein kveld på hotellet. Me vart sessa ved eit festleg duka bord med fin mat, øl og vin og med sigar til røyk etterpå. Han spela piano, las upp dikt og prata hyggeleg med alle. Me totte det var ei stor oppleving. Folkestad vart ikkje lærar, men prest i Amerika.

Det~~x~~var ikkje noko som het seksuallære den tid. Men ein gong vart klassa delt, gutar og jentur for seg. me skulde ha noko om det 6 bud. Støylen kom med stort ålvor og la ut om kor fårleg utukt var, og at det galdt å halde hug og hjarta reint for kjøtslyst. Han nemnde endå onani, men kalde det sjø¹smitting, den kunde føre til fårlege sjukdomar. Eg visste no betre, at dette var rang lære, berre gamal fordøm og overtru.

Heller ikkje i mine religiøse tvil fekk eg noko hjelp frå skulen. ~~En~~ openbarte sanning måtte ingen endre. Hognestad gjekk endå so vidt, at han forsvara utsegna i det gamle testament om at jordi berre var 6000 år gammal. Vitskapen og bibelen samstavast, meinte han. Soleis saga om skapinga, berre ein tek dei 6 dagane som lange tidsrom. Dyr hadde kanskje utvikla

seg frå lågare former, men ikkje menneskje, apeteorien trudde han ikkje på. Han skreiv ei heil bok um dette, og esla ho til elevar frå Notodden lærarskule. Det var knapt noko i bibelen ein trong gje upp andsynes vitenskapen, meinte han.

Utanom skulearbeidet var det lite å ta seg til på Notodden. Det kunde vere eit foredragsmøte eller ein konsert av ein bygdespelmann, me hadde hug til å høyre, eller me gjekk oss ein tur. Det vart ogso flørta litt. No får eg jamen freiste, eg og, tenkte eg. Men det var so leit å spørje ei jente om følge, eg kom meg ikkje til. Det var seleg ei jente frå Sogn eg glante etter. Eg våga spørje Oppedal, om han vilde arangsjere eit møte mellom oss, og det gjekk glatt. Jenta og eg møttest på ein avtalt stad, og me gjekk ein lang tur. Ho var kvik og prata i veg om laust og fast. Alt det fine eg hadde tenkt ~~ku~~ ut, kom reint burt, eg fekk mest ikkje fram eit ord. Ho tykkjer nok eg er både turr og kjeidsam, tenkte eg, og endå ~~mei~~ meir ibeit for ord vart eg. Men jamen lova ho å møte ein gong til, men det gjekk ikkje likare då, nei mykje verre. Då sa ho rett ut at eg var ein turrpinne, som ho ikkje brydde seg meir om, og dermed tverrsnudde ho, og eg sto att med ein lang nase. Soleis vart eg kurert for jenter ei stund. Eg laut sanne ordi åt Ibsen: Å tenke, ønske og ville er en ting, å gjøre det er noe annet.

Eg lærer å skrive landsmål.

Då eg gjekk i barneskulen, var landsmål ukjent til skulebruk. Det sto vel nokre dikt på landsmål av Åsen og Vinje i lesebøkene, men å skrive det kom aldri på tale. Det var det dansk-norske bokmål me fekk lære ~~å skrive~~ både å lese og skrive, og det ~~skilte~~ skilde seg lite ut frå dansk. Det var vanskeleg å forstå at me skulde skrive sten, ben og ten, når me sa stein, bein og tein, eller manden, pigen og bogen, når me sa mannen, jenta og boka. Stilane våre var fulle av feil, det kom so lett inn eit ord frå bygdemålet, ~~me~~ men dette sto det alltid ein rau strek under. Og det var ikkje bare ordi, men stilføringa i det heile. Det var som me ikkje fekk sakt det me meinte og vilde på dette rare målet. Ja, gjennom heile skulegonga, til og med lærarskulen streva eg med dette, men som eg aldri totte eg fekk retteleg til.

På folkehøgskulen tala og skreiv dei fleste av lærarane landsmål eller nynorsk, som det no heiter, og nokre av elevane skreiv stilar på dette målet. Me song norske songar og las bøker på nynorsk t.d. Åsen, Vinje og Garborg. Eg totte at serleg Garborgs mål var so greit og kjenslekt, so likt mit eigi bygdemål. Eg yngste eg kunde skrive det, men våga meg ikkje til endå, var redd det skulde bli for mykje feil. Men då eg kom på lærarskulen, fekk me litt teoretisk opplæring med avskrivning og diktat,

og so tok eg spranget og skreiv min fyste stil på landsmål. Det vart fleire feil, men Hognestad var godt fornøgd, serleg var stilføringa greid, sa han. Eg hev enno denne fyste stilboka mi på landsmål liggande og tykkjer no at språket her er greiare enn i stilane på dansk-norsk frå same tid. Og det trass i øving berre månar i staden for fleire år i bokmålet. Då vart eg harm. Tenk om eg hadde fått opplæring i landsmål alt i folkeskulen, kor mykje betre skulde eg ikkje då ha skrive. So mykje dyrebar tid burtkasta!

Endå elevar frå byen lærde utruleg fort å skrive landsmål. Soleis Sigurd Folkestad, som var dramensar. Han hadde heller ikkje skrive landsmål før, men etter 2-3 månar på lærarskulen, skreiv han målet mest feilfritt. Han skreiv meisterlege stilar på bokmålet, men det norske målet var noko anna, let han om. Mykje friskare, mykje norskare, meir saft og kraft, sa han.

Det hev vore ein lang og hard strid om målsaka her i landet, og det meste av denne striden hev eg sjøl opplevd. Resultatet av striden er at dei tvo målformene hev nerma seg kvarandre mykje. Serleg må ein seie at bokmålet er blitt meir og meir norsk, men framleis er det so ustøtt og regellaust, at det er vanskelegt å ¹ære. Det er inga lett sak å blande tvo nasjonalmål saman, jamvel om dei er so nærskyldte som norsk og dansk. No er me likevel komme so langt at det er i grunnen lite som skil. Dersom bokmålet konsekvent tek opp tviljodane, som det no lenge hev halde på med, er skilnaden so liten, at det skulde la seg gjere å slå dei tvo målføre saman til eit mål. Då hev me nådd fram til det som hev vore meininga med vår hundreårige målstid. Den hev kosta mykje strev og tidsspille for vår norske skuleungdom å lære seg tvo målføre, men so fær me tru at det det norske målet, når det vert eitt, blir so mykje rikare og betre.

Det er sakt mykje stort og vakkert om vårt norske mål av diktarar og språkmenn både frå vårt og frå framande land. Her eit par døme:

Alt vår stor stilist Welhaven skreiv etter å ha lese "Dei gamle fjell" av Ivar Aasen: "Havde jeg bare havt et slikt sprog at skrive i!" Vår største nolevande forfattar Johan Falkberget sa i 1942: "Jeg setter nynorsken mye høyere enn bokmålet. Det er et gudemål mot dette. Nu vilde jeg gjerne levt til alle bøkene mine blir flyttet over i nynorsken". Edvard Grieg i brev til Garborg etter å ha lese "Haugtussa": "Sproget er jo musik. Jeg kunde ønsket at leve nogen slegtled senere for at kunne være med at tale det norske mål, som jeg elsker med instinktets magt". Og endeleg den danske språkforskar dr. Christensen i 1904: "Det skjønneste sprog i verden møder jeg i "Haugtussa" av Arne Garborg".

Det er då underleg å tenkja på den sterke motstandet nynorsken hev møtt, mest frå intelligensen og byfiffen, men au frå landsfolk serleg her

over austlandet. Eg hev møtt mange her som beintfram gjorde seg til av at dei ikkje forsto landsmål. Det kom seg nok av at dei aldri hadde lært å lesa det, og ikkje av at det låg so langt frå bygdemålet dei sjøl tala. No etter at radioen kom og folk fekk høyre det dagleg, hev eg aldri høyrte om nokon som ikkje forstår det like godt som bokmålet. Og no fær då ogso alle lære å lese nynorsk alt frå barneskulen, og når dei kjem på høgare skular, fær dei ogso lære å skrive det.

Mange trur at bygdemålet her ligg nærare bokmål enn nynorsk. Anders Hovden, som lenge var prest på Ø. Toten, fekk overtydd ein mann frå bygda om det motsette. "Du lyt tale bokmål, so me forstår deg", sa bonden. "No skal me høyre kva du likar best, når eg seier: "Pigen jagede koen ud av ageren" ~~sklar~~ på gamalt bokmål, eller når eg seier på nynorsk: "Jenta gjekk å jaga kua ut or åkeren!" - Ja, men dette er totenmål, det, sa bonden. "Ja, der ser du kor likt totenmålet er nynorsk, det som eg talar²", sa Hovden. Det er soleis utan tvil at bygdemåla på austlandet ligg godt til rette for nynorsk målbruk. Og austlendingen er vel like god nordmann som andre?.

Det var fyst under eit 20 år langt arbeid med bokskriving (dei 7 bind bygdebøker) at eg fekk retteleg tak på bokmålet. Folk forlangte at desse bøkene skulde vere på bokmål, so eg hadde ikkje noko val. Det er soleis mest bokmål eg hev skrive, men likevel er det nynorsk eg likar best, det er der eg verkeleg kjenner meg på heimleg grunn. Eg angrar stygt på at eg kasta burt det gode bygdemålet mitt til talebruk. Men i skulelova stod det at læraren mest mogeleg skulde tale som borni, og soleis var det at eg kom burt frå mitt barnemål til kvardags. Elles likar eg nynorsk best ogso som talemål. Dei gonger eg hev tala i radio, er dei fleste på nynorsk.

Ungdomsminne.

1. På fisking.

Då far dreiv tømmerdrift, hadde han på ein bytur lagt merke til eit nytt fiskereidskap i eit butikkvindu. Det var ein oter, og ein slik hadde han ikkje sett før. Han gjekk inn og fekk greide på korleis den skulde brukast og kva den kosta, og det var fleire kronur, so han tykte han hadde kje råd til å kjøpe den. I staden kjøpte han snøre, senar og krokhar, han vilde lage oter sjøl. Men i staden for ei fjøl vilde han bruke tvo, som han spikra saman med eit par tverrtre omlag som ein kjelke. Me kalte den sida for slodde, og reidskapen med snor og krokhar kalte me rosnor. Eg laut sjøl-sakt vera med og hjelpe til, var soleis burt i fjøset og fekk plukka hanen for nokre av dei finaste fjøra, og attåt dei fann eg nokre blåstripa don av ei skogskjor. Me klipte dei passe store og batt dei til krokane med ~~svart~~ svart sytråd. Flugone måtte likne mest mogeleg eit fivreld, og difor laut dei ogso ha skrott, og til den var ulltråd av ymse farge surra um kroken fin. So var det bare å feste flugene til snora med ein fortom, so var reid-

skapen ferdig. Me laut straks ned i vatne og prøve, og då me hadde regulert litt på snora, gjekk slodda fint, stramma snora ut, og flugone dansa i vasskorpa. Og fisken slo etter plask i plask, og fleire hekk fast. Men som eg før har fortalt, var fisken her småvoren og mindre god, so han var lite å bry seg om. No vilde me ~~ikkje~~ ^{til} Klepsvatn upp på heii og prøve den fine fisken der. Her var ikkje båt, men det laut gå an å dra snora langs land. Jau, det gjekk fint, fisken slo mest like viljugt her. Far gjekk føre med slodda og eg etter for å plukke av fisken ettersom han drog dei inn. Om ein times tid hadde me ei heil lita bør, det var mest utruleg. Sida gjorde me fleire turar med større og mindre held, men slodda var alltid basen framfor annan reidskap. Far brydde seg mindre om fiske og hadde desutan anna å gjera, so heretter var det eg som fekk gå med slodda åleine, og det vart mange gilde fisketurar. Men dei var strevsame. Å dra slodda åleine var klundersamt, snora kunde hægje seg fast i buskar og steinar og flugone likeso. Kvarxgong ein skulde lande ein fisk, hadde flugone lett for å søkkje og sete seg fast i botnen, so ein misste gjerne ei og onnor fluge på ein tur. Det var meir moro å fiske med stong, om det so vart mindre fisk.

Ein dag kom den gamle fiskekallen, Olav Askerud, til Kleivi og fekk sjå denne nye fiskereidskapen min. Han hadde aldri sett ei fiskefluge før, men berre brukt stong med markekrok. - Dette kan då ikkje vere noko å ta fisk med, meinte han, fisken kan då ikkje bite på ei hanafjør. - Skal me kappfiske? spurde eg. - Ja, so gjerne!

So bar det til Klepsvatn att. Olav fann seg ei fin fiskesåte, der han feste stongi mellom eit par store steinar, sette seg og venta på bet. Han hadde sett på eit par digre mark, sputta på og sakt tvi, og kanskje han hadde lese fiskebøna og. Folk^ksa, han kunde ei slik. Eg gjekk utetter stranda med slodda og var snart avsyne. Då eg kom att, hadde eg med 4-5 fine fiskar, meda han hadde fått ein. - Å, du hev vel sett mark på krokane dine, du au, sa han, og du veit 7-8 krockar må fiske meir enn ein. - Du får fylgje med ein tur og sjå etter då, sa eg. Men då han såg at fisken beit på bare fjørkroken, vart han forstøkt og undrast kva kunster det var eg brukte.

På heimvegen gjekk me framom Tussetjønn. Det var ei trolltjønn, som bare tussen fekk fiski i. Folk hadde sett fiskevak ein hende gong, men aldri fått noko. - Du som kan trolle slik, du kan vel ta fisk her au, du, sa han. - Kan hende, sa eg og sette slodda ut. Olav fylgde med i stor spaning og med augo på stilk. Men det vart ikkje noko slag. - Å nei, her nyttar ikkje kunstene dine, her er det tussen som rår fisken, sa han. Med eitt rykte det til, so eg nær datt i vatne. Slodda gjekk under, og eg kjende berre eit tungt drag i snora. So skaut slodda uppatt, og so var det til å køyre fisken til han var trøytt. Men Olav vart fælen. - Skjer fortommen av og lat han gå, skynar du ikkje det er ein trollfisk, skreik han. Tilsist låg fisken still

ved strandkanten, gul under buken, men elles svart og mest usynleg. Eg greip med eit godt tak bak gjelleloka og tok han upp. Han vog innpå 2 kilo. So stor fisk hadde ikkje eingong Olav teke. Han totte det var uhuggeleg. - Berre ikkje tussen hevner seg, so du aldri får fisk meir, sa han. Det såg mest ut til at det slik skulde gå, for eg fekk ikkje bette meir, endå eg drog slodda rundt heile tjønnna. Eg prøvde fleire gonger sida og, men fekk berre ein einaste fisk til. Det kunde knapt ha vore meir enn desse tvo fiskane i tjønnna. Det gjekk ingen bekk korkje inn eller ut av tjønnna, og då kunde vel fisken ikkje finne yngleplass og formere seg, eller kanskje desse tvo hadde vore gjeldfiskar?

Ordet um denne merkelege fiskereidskapen min gjekk snart over heile grenda. Det kom fleire og vilde sjå han, og snart var eg ikkje åleine om slikt fiske. Eit par bønder åtte fine fiskevatn med båt, og dei fekk ofte meir fisk med rosnor enn dei før hadde teke på garn. Men det synt seg, at når dei hadde dreve ei tid med dette flugefiske, vart det mindre og mindre å få, anten avdi det vart mindre fiskk eller han vart meire var. Fisk som hadde hengt på kroken og sloppe laus att, var truleg vorten skremt so han vilde ikkje bite meir. Når eg seinare år om anna kom att til desse heievatna, vart det stadig mindre å få, same kor fin reidskap eg hadde.

2. Hjø telemarksdiktaren John Lie.

Etter framhaldsskulen vart eg eit par vikur hjå John Lie og reinskreiv ei diktsamling han hadde forfatta. Han var gift med Torbjørg Rinden, syster til mor. Dei budde på ein liten gard i Veum sokn, som heitte Lie. Det var langt dit frå Kleivgrend, so det var ikkje ofte dei og foreldri mine vitja kvarandre, men no skulde eg vere hjå dei i heile 14 dagar. Tenk å vere skrivar hjå ein diktar, då må eg kunne lære å dikte sjøl, tenkte eg. Eg hadde elles høyrte mykje av både godt og vondt om denne diktaren. Dei gudelege eller lesarane sa han var fritenkjar, venstremann og grundtvigianar, og mor sa at kona hans, syster Torbjørg, heldt med han, difor vilde ho ikkje tale meir enn naudsynt var med nokon av dei. Men eg som hadde imot lesarane, trudde ikkje på det dei sa, og gledde meg til å kome til ein meir frilydt mann. Og far meinte eg kunde ha godt av å kome dit.

Dei var svært snille mot meg baa tvo. Eg sat og skreiv eit par stunder om dagen, og John var godt nøgd og røste skrifti mi. Resten av dagen var eg fri. Då fann John ei eller anna bok or den store bokhylla si og let meg lesa. Eller eg var med småjentene og leikte ute på vollen eller i hagen. Då kom morsyster ofte ut til oss med eit eller anna godt og prata med oss eller me song saman. Ho hadde i 1880, same år eg vart fødd, gått på Vonheim folkehøgskule hjå Christopher Bruun. Ho og tvo andre gjenter var dei fyste frå Førdsal som gjekk ein slik skule. Frå 1891 til ho døydde i 1924 skreiv ho jamleg Telemarksbrev til det norsk-amerikanske bladet

Decorah-Posten. Dei var mykje omtykte i Amerika, og ho fekk mange takkebrev. Både ho og John var med og skipa det fyste frilynde ungdomslaget i bygdi, skipa alt i 1895. Her heldt John foredrag og taler, og baa skreiv dei i det handskrevne bladet. Men dei møtte mykje motbør.

Lesarane sa at bøkene hans var umoralske og vilde ikkje lesa dei. Dei fordømde ~~denne~~ ungdomslaget, der ungdomen endå våga seg til å leike og danse. John Lie var ein ungdomens forførar, som mått^e åtvarast mot. Han var like fårleg som Bjørnson og Kjelland og andre slike fordervelege diktarar. Det var ei mørk og vond tid for ungdomen. Drykk og uleven auka, fordi dei unge laut stela seg til litt moro. Men med ungdomslaget tok det so smått til å ljosne. Fleir og fleir slutta seg til laget. Ja, no ~~var~~ vart det ogso skipa frilyndt ungdomslag i kyrkjebygdi. Det vart arangsjert 17 mai festar med taler av John Lie, Ivar Tveiten og av tilre¹sande talarar. Det vart store folkefester med frammøte av både unge og gamle. Lesarane var rasande, preika og åtvara, dømde og truga, men flokken deira minka. Det var som ei farsott, som hadde herja, men som no laut dra seg attende for eit friskare veir.

John Lie skreiv mange bøker. Dei fyste skreiv han på dansk-norsk bokmål, for han hadde ikkje lært noko anna, men han lika det ikkje. Sida lærde han seg sjølv opp i å skrive landsmål, som låg so nær bygdemålet. Då skreiv han mykje betre, og det er desse bøkene på nynorsk som no lever og vert lesne, slike som "Bondekveldar", "Frå fjell og fynne" o.a.

Dei beste venene til John Lie var Halvor Sitje, som var nærskyld far, Ivar Tveiten og Anders Jørgensen Veum. Den siste hadde eit landskjent navn. Han kom til Gjøvik som telegrafist, vart ordførar i Vardal og stortingsmann for Kr. Amt, seinare redaktør av Landmandsposten. Han gjorde mykje for Førdsal og kom ofte dit på gjesting. Dei dagane eg var på Lie, kom Jørgensen Veum dit ein gong for å vitja John og Torbjørg, det var fyste gong eg såg han. Det var ein stor og staut kar, og han og John hadde so mangt å prate om. Sida trefte eg han eit par gonger på ungdomsstemme i Førdsal. På slike stemne var det gjerne kappleik på hardingfele, og her var Jørgensen Veum med som domar, so han skjønna seg godt på felespel.

Eg fortalde at eg var med småjentene på ~~Lie~~ Lie og leikte. Det var Liv, sida gift med lærar og lensmann Andreas Berge, Gunhild g.m. forfattar Johannes Skarperud og Gudrun g.m. lærar Olav Tveito. Son deira, den seinare so kjende forfattar, Håkon Lie, var ikkje heime då eg var på Lie. Han var då 12-13 år og var vist hjå bestemor si på fjellgarden Husstøyl. Der likte han seg, for bestemor var so flink til å fortelje segner og sogor og synge stev og songar. Dette hadde ho frå mor si Guro Husstøyl, som kunde endå meir. John Lie skreiv opp mykje av dette, og det kom sida ut i eit hefte som heiter: "Gamalt etti bestemor". (trykt 1925)